



Fiskeri og kystdepartementet.
PB 8118 Dep
0032 Oslo

Linga 17.11.2009.

Høringsuttale - Forslag til forskrift om særskilde krav til akvakulturrelatert verksemd i Hardangerfjorden.

Sendar: Lingalaks AS

Over lengre tid har oppdrettsverksemdene i Frys-opmrådet arbeidd for å forbetre tilhøva både for oppdrett og ville laksestammer innanfor Frys-området.

Dette arbeidet har foregått gjennom: Hardanger fiskehelsenettverk, PD-fri, Lusalaus, og gjennom det nysst starta HardangerFjordlauget.

Lingalaks har vore pådrivar og stiller seg bak det meste av det arbeidet desse organisasjonane har gjort. Dette arbeidet vert utførlig forklart gjennom høyringsbrev
frå: NSL og FHL.

Lingalaks har behov for å koma med ein del eigne synspunkt til forskrifta. Dette fordi vi har ei heilt spesiell plassering av vår verksemd i indre del av frys-området.

Vår hensikt har vore å byggje opp lokalt, i eit grisgrendt distrikt, dette vert no sett på prøve.

Til dei fire punkta departementet bed om kommentar til:

Bæreevne:

Havforskningsinstituttet og andre har no kome med meir utfyllande granskingsrapportar, som syner at næringssalt gehalten i Hardangerfjorden er

under kontroll. Fjorden er næringsfattig som før. Meir uro vekker det at tilsiget frå Europa og dei folketette delane av vårt eige land er aukande.

Fiskehelse og parasittar.

Gjennom PD-fri har oppdrettarane samla seg, og utarbeidd førebels soneplanar, etc, for å bekjempe aktive sjukdomar. Vi føler at vi er på god veg, men slikt tek tid.

Likevel ser vi i vårt område stor forbetring, tiltaka har byrja verka
Parasittproblemet er i ferd med å bli ei nasjonal svøpe, som må bort.

Likevel ser vi ulike grader av problemet innan Frys-området. Indre del har årlig totalfjerning av lus i månadene juni-august, på grunn av høg temperatur og mykje ferskvatn. (best på nordsida der straumane går utover).

Mindre enn 5% av lusa i fjorden vert rekruttert frå området innanfor Varaldsøy. Av desse grunnar meiner vi der må veljast strategi mot denne parasitten, som er tilpassa tilhøva i mindre regioner, og ikkje sjå heile Frys-området under eit.

Ved hjelp av biologiske metodar, og minimalt med kjemiske midlar, vil vi framover ha parasittkontroll i indre delar av Frys-området og i praksis ha årlig brakklegging m.o.t. lus.

Sjølvsagt vil Lingalaks ta sin del av dei byrder som blir pålagde oss med nedkjemping av parasittar og sjukdom, men omsynet til fellesskapet må ikkje få ta bort grunnlaget for eigen eksistens.

Storsoner åleine er heller ingen garanti.

Ville bestandar av laksefisk.

Etter meir enn 50 års press, er der no lite att av dei ville laksebestandane i mange elvar og fjordar.

Det er ikkje mogeleg for oppdrett åleine å syta for at villfisken kjem talrikt attende til elvane.

Derimot er der von om at eit samarbeid mellom alle aktørar frå elv til hav ,kan verka positivt på villfisken, sjølv om globale problem og verkar inn.

Vi må saman kartleggja og nøytralisera alle dei faktorar som har vakse fram og som hindrar at villaksen får ei leveleg utvikling.

På områda lakselus og rømming , har oppdrett eit spesielt ansvar, og her er FKD kjend med at større aktivitetar er på gang.

Langsiktig utvikling

Oppdrett vil auka også i Noreg Dei noverande avgrensingar må overvinnast.

Dette for å sikra til at Frys-forskrifta bidrar til utvikling. Og ikkje avviking.

Frys-forskrifta må bli evaluert jamnleg, og i alle fall gjennomgåast kvart andre år.

Det er viktig at aktørane i Frys-området får høve til optimal drift på den tonnasjen dei har i området.

For Lingalaks er 100% av volumet i dag plassert innanfor Frys området. Vi stiller oss då

undrande til at der er frys både på MTB volum og på å få tillegg på lokalitetsbiomasse.

For oss følest dette som dobbel frys.

Det bør gis høve til å endra lokalitetsbiomasse all den tid vi alt er avgrensa i volum på konsrernnivå med MTB.

For oss er det viktig å kunna driva optimalt også fiskehelsemessig. Vi meiner det er rett å ha høvelige utsett på den enkelte lokalitet, og å kunna skifta mellom lokalitetar, og halda låg fisketettleik til ei kvar tid. Det er og bra å la ein lokalitet kvila eit år inn i mellom.

Vår røynsle er at her inne i fjorden er det bra å fordele biomassen på fleire lokalitetar, og å finne djupe lokalitetar. Straumtilhøva tilseier det.

Med lang sakshandsamingstid, er det lett å koma i beit for lokalitet, dersom ramma for lokalitetsbiomasse vert for trang. Det vil gå ut over fiskehelse og produksjon.

Lingalaks AS

Rolv haugarvoll

LINGAVEGEN 206 • 5630 • STRANDEBARM
TELEFON: 56 55 94 28 • TELEFAKS: 56 55 95 44
E-POST: linga@lingalaks.no

ORGANISASJONSNR. 960 900 626 BANKKONTONR. 3330 22 97318